

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/7215 - 21/68336

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
14.10.2021


Oversender søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense til utførelse - gbnr / Knarvik og Holsnøy

Tiltak: Forsterka straumforsyning, ny jordkabel 22 kV-nett
Byggjestad: Gbnr: /
Tiltakshavar: Bkk Nett AS
Ansvarleg søkjar: Jøsok Prosjekt AS


Saka gjeld søknad om dispensasjon frå regulert byggegrensa mot fylkesveg 57 for etablering av ny jordkabel knytt til arbeidet med forsterking av 22 kV-nettet i området mellom Isdalstø og Nordre Eidavika på Flatøy.

Jordkabelen vil verta plassert i strid regulert byggegrense for del av strekket på land i Isdalstø, vist i vedlagte kart. Grøn strek viser byggegrensa mot fylkesveg 57 slik den går fram av den eldre reguleringsplanen for Isdal og Gjervik Ytre blad I, II og III.

Utsnitt grunnkart



Utsnitt eldre reguleringsplan



Foreleggjnga vert vurdert som tilstrekkeleg grunnlag for behandling av dispensasjonssøknaden.

Planstatus

Ved ilandføring i Isdal (Herlandsstø) vil jordkabelen liggja i området som er omfatta av reguleringsplanen for Isdal og Gjervik Blad I, II og III, planid 1 263-19650805. Reguleringsplanen, som er av eldre dato, gjeld med supplerings/ending av kommunedelplanen for Knarvik – Alversund med Alverstraumen sine føresegner, planid 1263-201701, der reguleringsplanen ikkje har eigne føresegner om temaet.

VURDERING

Alver kommune ber om uttale før vi behandlar søknaden om dispensasjon.

Vedlagt følgjer kopi av foreleggjnga og Alver kommune sitt svar på denne. Det går fram av dokument i saka at foreleggjnga er også send Vestland fylkeskommune.

Vi ber om snarleg tilbakemelding dersom mogleg.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Foreleggjng - Foreleggjng av 22kv jordkabel Knarvik og Holsnøy
Svar på foreleggjng av 22kv jordkabel Knarvik og Holsnøy
Kabeltrase i forhold til regulert byggegrense

Kopi til:

| | | | |
|-------------------|----------------------|------|--------|
| Bkk Nett AS | Postboks 7050 | 5020 | BERGEN |
| Jøsok Prosjekt AS | Postboks 169 Kokstad | 5863 | BERGEN |

Mottakarar:

| | | | |
|------------------------|---------------|------|--------|
| Vestland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |
|------------------------|---------------|------|--------|